

## Alle i arbeid for Stavanger 2008

**Stavanger 2008- arrangementet «Mot Himlaleite» er det største snøshowet etter OL i 1994. 4000 menneske vil vonaleg vitja Svandalen frå 6. til 9. mars.**



Stavanger 2008 har lagt to større arrangement til Ryfylke; Snøshow i Sauda i mars, og Fredsleir i Suldal i september.

Heidi Hjorteland

Alle disse folka skal møtast av eit godt vertskap som har tenkt på både parkering, skihandtering, førstehjelp, varm mat, og gode senger, for å nemna noko.

Ordførar Laura Seltveit har skrive brev til alle husstandar i Sauda der ho ber innbyggjarane om å ta del i tidenes fellesløft. Ein ønskjer også at saudabuane opnar husa sine for overnattingsgjester.

### **Kostbart**

Totalbudsjettet for «Mot Himlaleite» er 9,4 millionar kroner. Sauda kommune og lokalt næringsliv skal dekkja 3,5 millionar kroner. I tillegg krevst det altså at nesten alle i Sauda arbeider dugnad.

- Er det verd alt strevet?

- Eg var blant dei som var skeptiske i starten. Det er jo snakk om veldig mykje pengar. Nå har eg late meg riva med i prosessen, for det er jo kjekt å ta tak i noko så svært. Og eg trur det vil gi god marknadsføring for Sauda, framheld kultursjef Leiv Arild Berg.

No er utfordringa å fyra opp dei øvrige saudabuane. Ordførar Laura Seltveit har difor kalla folket inn til eit informasjonsmøte om Himlaleite førstkomande tysdag. Der stiller også kunstnarisk koordinator Katinka Rydin Berge og prosjektleiar Mocchi Ryen frå Stavanger 2008.

### **Klima-avhengig**

Snøshowet i Svandalen skal utspela seg i Djuvsbotn om lag 600 meter over havet. Dansdesign, som hadde ansvaret for opnings- og avsluttingsarrangementa under Lillehammer-OL, skal visa ei spektakulær utandørsforestilling. På nettsidene står det: «Verdenstopper i jibb skal flomme nedover fjellsidene i luftige svev og blandes med spenstige samtidsdansere. Slik feirer vi vinteren, kulden, stillheten...»

- Dette er nokså veravhengig?

- Absolutt, men me håpar det beste, seier Leiv Arild Berg.

Kultursjefen har fått ansvaret for å sy saman den lokale bolken av arrangementet, og har ikkje stort meir enn tida og vegen.

### **Blanda drops**

Publikum skal ta skiheisen opp det første trekket. Der trekket stoppar vil Sauda sine kulturaktørar utfalda seg. Berg fortel at det vil bli både dans og song og mykje meir. Koret Sonor med forsterkingar har fått eit nyskrive verk for dette høvet. Leiv Arild Berg har fått lov til å begynna med innslag med høg lyd i starten, deretter skal det bli gradvis stillare mens publikum går ned bakken inn mot Djuvsbotn der proffane overtek.

Gigantdugnad: Saudabuen kan ikkje liggja på latsida når Mary Miller har plukka Sauda ut til stort snøshow i Stavanger 2008-regi. Innbyggjarane blir no mana til innsats av både ordførar og kultursjef. Dette biletet er tatt i Svandalen, kor snøshowet «Mot Himlaleite» skal føregå. (Foto: Anders Minge)